



DEN NORSKE KYRKJE
Ullensvang kyrkjelege fellesråd

MOTTATT
30 OKT 2014

Til

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref: 200


Arkiv nr: 008

Dato: 29.10.2014

Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille. Høring.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd handsama denne saka i møte 28.10.2014 i sak 20.
Vedlagt følger utskrift av vedtak i saka.

Venleg helsing


Gerd Rosten Bu
kyrkjeverja



DEN NORSKE KYRKJE
Ullensvang kyrkjelege fellestråd

VEDTAK FRÅ MØTEBOK I ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESTRÅD
SAK 20-214 DEN 28.10.2014.

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE – ET TYDELIG SKILLE

Høyringsssvar:

Sundvolden-erklæringa frå 2013 og kyrkjemøtet sitt vedtak er gode utgangspunkt for det arbeide som skal gjerast vidare i skilje mellom kyrkja og stat.

Ullensvang kyrkjelege fellestråd vil trekkja fram nokon av punkta i høyringsdokumentet.

Det nasjonale rettsobjektet

Departementet har kommentert at det i framlegget til ny §2 er to tydingar av «Den norske kyrkja». Både omtalen av heilskapen, samt det nye rettsobjektet. Dette kan verke uklårt, og kanskje kan namnet på det nye rettsobjektet vera Den norske kyrkja – kyrkjemøtet, eller liknande.

Soknet

Høyringsnotatet legg til grunn at soknet og fellestrådet framleis skal vera sjølvstendige einingar når Den norske kyrkja sentralt vert etablert som nytt rettsobjekt. Dette er me samde i og ser som svært viktig også i den framtidige kyrkjestrukturen.

Det lokale eigarskapet til kyrkja er grunnleggjande og avgjerande for vidareføring av ei landsdekkande folkekyrkje.

Prestetenesta

Det er viktig at prestetenesta kan utførast på fritt grunnlag i tråd med Den norske kyrkja og ordinasjonen. Det er difor positivt at dette vert vektlagt i lovverket. Fellestrådet ser det som viktig at det vert omtala landsomfattande preste- og bispetenesta.

Økonomi

Me er glade for og ser det som avgjerande for ei landsdekkande folkekyrkja at økonomien vert knytt til den til lokalt nivå og kommunen skal ha vidare ansvar for finansiering av lokalkyrkja. Dette er også viktig å vektleggja med tanke på den venta kommunereforma.

Likeleis skal staten ha eit framleis finansieringsansvar for den delen av kyrkja som pr idag er statleg, men då gjennom ei rammeoverføring til Kyrkjemøtet. Ullensvang kyrkjelege fellestråd ønskjer at trusopplæringsreforma vert sikra vidare finansiering og denne vert særskild nemnt.

Opplysningsvesenets fond.

I samanheng med økonomispørsmåla vil me også nemne Opplysningsvesenets fond. Dette bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettsobjekt, noko anna ville vera heilt uakseptabelt.

Generelt

Ullensvang kyrkjelege fellestråd er glad for og meiner det er avgjerande at ein i alle overordna perspektiv og vedtak held fokus på at ein skal ei lokal landsdekkande folkekyrkje.

Elles hadde me sett pris på at høyringsssnotata også var på nynorsk.